

Vossamoro

Vossamoro har meir enn 13 års erfaring med tilrettelegging og gjennomføring av aktivitetar for grupper frå 8 – 400 deltakarar. Me tilbyr eit breitt spekter av vinter og sommar aktivitetar som passar for alle uansett alder og sko størrelse.

Guida aketur frå Hangurstoppen

Ein fantastisk flott tur som passar for alle som vil oppleva den vakre fjellheimen, fart og spenning. Aketuren forgår etter offisiell stengetid av skianlegget. Oppmøte er utanfor skiskulen i Bavallen kl. 15.10 for litt informasjon og utlevering av utstyr (snowracer og hjelm). Me tek Ekspressheisen opp til Hangurstoppen. Her byrjar transportløypa som me nyttar til aking med snowracer. Løypa måler om lag 5,2 km og svingar seg nedover eit variert og flott terreng. Fleire instruktørar er med, og me køyrer ein og ein med god avstand slik at sikkerheita til alle deltakarane er godt ivaretatt. Turen vert avslutta ved Skiskulen i Bavallen. Etter aktiviteten vert det delt ut 3 ulike ake prisar. Turen tek om lag 1 - 1,5 time.

- Tid: **me arrangere aking måndag, onsdag laurdag og sundagar.**
- Pris pr. pers: kr 450 pr. pers (min kr. 4000) inkludere tur opp med Ekspressheisen
- Bekledning: gode vinter sko, praktiske vinter klede og vottar/hanskar. Ein kan ta med slalåmbriller og eigen hjelm om ein ynskjer det.

